



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret	
Møtestad:	Fusa ungdomsskule, gymnastikksalen	
Møtedato:	15.10.2015	Tid: 15:00 – 19:20

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Saklista og sakspapir vart sendt medlemene og varamedlemene digitalt via iPad, utlegging på heimeside samt informasjon i e-postar 06. og 07.10.15.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Anne – Grethe Gjerdevik, Hans Ekeberg, Ap. Anne- Grethe Gjerdevik, fekk permisjon frå kl 17.20. Bergfrid Norheim, Ap, var innkalla som vararepresentant og tok plass frå og med sak 38/15.

Magne Djuvik, Roger Hoel, Frp

Steinar Skår, Aud May Boge, Steinar Berland, H

Asbjørn Heidal, Anne Martinsen, Krf

Hans S. Vindenes, Marianne Borge, Margunn Y. Samnøy

Øyvind Nordbø, Haldor Tuft, Mikal Leigland, Sp

Birgitte H. O. Skibenes, SV

Gustav Folkestad, V

Forfall og møtande varamedlemer:

Gunnar Hansen, Frp, hadde forfall. For han møtte Arild-Ernst Legland, Frp, som vararepresentant.

Kristine Hjartnes, Frp, hadde forfall. For henne møtte Svein-Idar Nordtveit, Frp som vararepresentant.

Stina Kvåle Bergesen, Krf, hadde forfall. For henne møtte Roald Samnøy, Krf, som vararepresentant.

Inhabilitet og møtande varamedlemer:

Magne Djuvik, Frp, var inhabil i sak nr 34/15, sjå under handsaming. For han møtte Egil Rosvoll, Frp, som vararepresentant.

Steinar Skår, H, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Aud- May Boge, H, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Steinar Berland, H, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For han møtte Lars Erik Dalland, H, som vararepresentant.

Haldor Tuft, Sp, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For han møtte Herborg Nordtveit, Sp, som vararepresentant.

Birgitte H.O. Skibenes, SV, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som vararepresentant.

Gustav Folkestad, V, var inhabil i deler av sak nr 38/15, sjå under handsaming. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Einingsleiar Terje Raunsgard

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Plan- og bygningssjef Jan-Egil Leirstein i sak nr 38/15 frå kl 17.00

Arealplanleggjar Helle H. Bruland i sak nr 38/15 frå kl 17.00

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Markering og omvising

50 års jubileum for Fusa ungdomsskule vart markert, og kommunestyret v/ordførar Hans S. Vindenes ga kunstverk av Anja Tveiterås. Rektor Maylin Torgilstveit orienterte og kommunestyret fekk ei omvising på Fusa ungdomsskule

Eikelandsosen, 19.10.15

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
031/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 18.06.15
032/15	Tertialrapport pr. 01.09.2015
033/15	Finansreglement for Fusa kommune. Endring i pkt. 8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.
034/15	Tomt til utviding av Fjord'n senter - vidareutvikling av Leiro og Neset
035/15	MOTTAK OG BUSETJING AV FLYKTNINGAR 2015-2019
036/15	SAMARBEIDSLØYSINGAR FOR BRANN- OG REDNINGSTENESTA I BERGENSREGIONEN
037/15	Vertskommunesamarbeid om barnevernsvakt
038/15	KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2015 - 27 - EIGENGODKJENNING
039/15	VEDTAK I MILJØVERNDEPT FOR REGULERINGSENDRING - STRANDVIK INDUSTRIOMRÅDE - NAUSTOMRÅDE
040/15	KOMMUNEROS FUSA 2015 - TILTAKSPLAN
041/15	Utgjeving av ordbok etter Lars Holdhus
042/15	SAMHANDLINGSREFORMA - TENESTEAVTALE 8 for Samhandling innan svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga
043/15	Skodd for framtida - Godt samspel.
044/15	INTERKOMMUNAL PLAN FOR NÆRINGSAREAL I FUSA, OS OG SAMNANGER ETTER PBL §9-1
045/15	POLITISK ORGANISERING 2015 - 2019

031/15: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 18.06.15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 18.06.15 vert godkjent.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KOM-031/15 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 18.06.15 vert godkjent.

.....

032/15: Tertialrapport pr. 01.09.2015

Framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 1.9. vert teken til etterretning.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-032/15 VEDTAK:

Tertialrapport pr. 1.9. vert teken til etterretning.

.....

033/15: Finansreglement for Fusa kommune. Endring i pkt. 8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune sitt finansreglement - Pkt 8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva - vert endra til følgjande ordlyd i pkt. 8.2:

8.2 Investeringsrammer

Kommunestyret vedtek all plassering av langsiktig finansiell aktiva. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal skje etter ein konservativ risikoprofil.

Dersom kommunestyret i framtida vil delegera forvaltning av langsiktig finansiell aktiva, skal dette finansreglementet oppjusterast med nødvendige og tilstrekkelege rammer og retningslinjer for slik forvaltning. Endringane skal vedtakast av kommunestyret før oppstart av forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-033/15 VEDTAK:

Fusa kommune sitt finansreglement - Pkt 8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva - vert endra til følgjande ordlyd i pkt. 8.2:

8.2 Investeringsrammer

Kommunestyret vedtek all plassering av langsiktig finansiell aktiva. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal skje etter ein konservativ risikoprofil.

Dersom kommunestyret i framtida vil delegera forvaltning av langsiktig finansiell aktiva, skal dette finansreglementet oppjusterast med nødvendige og tilstrekkelege rammer og retningslinjer for slik forvaltning. Endringane skal vedtakast av kommunestyret før oppstart av forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

.....

034/15: Tomt til utviding av Fjord'n senter - vidareutvikling av Leiro og Neset

Framlegg til vedtak:

1. Fusa kommune er positiv til at Fjord'n senter vert utvida. Eit slikt byggeprosjekt vil vera eit bidrag til å vidareutvikla Leiro som senter for handel og service i tråd med mål i Samfunnsdelen av kommuneplanen..
2. Fusa kommune går inn i AS Sambygg med tomt / areal som trengst for å realisera prosjektet. Pris for tomt / areal skal avgjerast etter at det er halde forhandlingar med AS Sambygg.

3. I tilknytning til kjøpekontrakt skal ein også bli einige om fylgjande: ansvarstilhøve for tilrettelegging og drift av parkeringsareal, her også parkering for bustadar i nytt bygg, leike- / friluftareal og andre tilhøve som kan ha innverknad på arealbruk og opparbeiding av areal.
4. Fylgjande vert valt til forhandlingsutval:
 1. Ordførar
 2. Svein Lang ,Sp,
 3. Aud-May Boge, H,
 4. Rådmann
5. Kommunestyret skal godkjenne pris og øvrige kontraktsvilkår.
6. Det skal leggjast fram eiga sak til kommunestyret vedkomande utvikling av sentrumsråda og utarbeiding av områdeplan for deler av Eikelandsosen.
7. Forhandlingsutvalet kan ikkje forhandla før formannskapet har utarbeid et mandat/ramme å handla ut frå.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Magne Djuvik, Frp, ba om at habiliteten hans vart vurdert då han kommunen sin representant i Sambygg sitt styre. Han reknar seg derfor som ugild i saka.

Han gjekk frå. Egil Rosvoll, Frp, tok plass som vararepresentant.

Magne Djuvik vart samrøystes kjend inhabil. Jf kommunelov § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1. ledd bok. e.

Asbjørn Heidal, Krf, fremja følgjande forslag:

Sak nr. 40 vert vedteken bortsett frå pkt. 4 med eit nytt punkt som omhandlar mandat.

Det blei røysta over Asbjørn Heidal sitt forslag om utsetja pkt. 4 som fekk 10 røyster og fall.

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 11 røyster.

KOM-034/15 VEDTAK:

1. Fusa kommune er positiv til at Fjord'n senter vert utvida. Eit slikt byggeprosjekt vil vera eit bidrag til å vidareutvikla Leiro som senter for handel og service i tråd med mål i Samfunnsdelen av kommuneplanen.

2. Fusa kommune går inn i AS Sambygg med tomt / areal som trengst for å realisera prosjektet. Pris for tomt / areal skal avgjerast etter at det er halde forhandlingar med AS Sambygg.
3. I tilknytning til kjøpekontrakt skal ein også bli einige om fylgjande: ansvarstilhøve for tilrettelegging og drift av parkeringsareal, her også parkering for bustadar i nytt bygg, leike- / friluftareal og andre tilhøve som kan ha innverknad på arealbruk og opparbeiding av areal.
4. Fylgjande vert valt til forhandlingsutval:
 1. Ordførar
 2. Svein Lang ,Sp,
 3. Aud-May Boge, H,
 4. Rådmann
5. Kommunestyret skal godkjenna pris og øvrige kontraktsvilkår.
6. Det skal leggjast fram eiga sak til kommunestyret vedkomande utvikling av sentrumsråda og utarbeiding av områdeplan for deler av Eikelandsosen.
7. Forhandlingsutvalet kan ikkje forhandla før formannskapet har utarbeid et mandat/ramme å handla ut frå.

.....

035/15: MOTTAK OG BUSETJING AV FLYKTNINGAR 2015-2019

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune opprettheld vedtak fatta 15.10.13 om å ta imot 10 flyktningar i 2015. Fusa kommune tek imot 20 flyktningar i 2016 og held fram med å ta i mot 10 flyktningar kvart år i planperioden 2017-2019, etter dei rammene fylkesmannen skisserar i brev datert 24.08.15.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Magne Djuvik, Frp, fremja alternativ 1 i rådmannen sitt framlegg til vedtak: Fusa kommune opprettheld vedtak fatta 15.10.13 om å ta imot 10 flyktningar i 2015 og 10 flyktningar i 2016. Fusa kommune vedtek å busetja 10 flyktningar kvart år i planperioden 2017-2019 og etter dei rammene fylkesmannen skisserar i brev datert 24.08.15.

Framlegget fremja av Magne Djuvik fekk 2 røyster. (2 Frp, Magne Djuvik, Roger Hoel)

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 19 røyster.

KOM-035/15 VEDTAK:

Fusa kommune opprettheld vedtak fatta 15.10.13 om å ta imot 10 flyktningar i 2015. Fusa kommune tek imot 20 flyktningar i 2016 og held fram med å ta i mot 10 flyktningar kvart år i planperioden 2017-2019, etter dei rammene fylkesmannen skisserar i brev datert 24.08.15

.....

036/15: SAMARBEIDSLØYSINGAR FOR BRANN- OG REDNINGSTENESTA I BERGENSREGIONEN

Framlegg til vedtak:

1. Fusa kommune tar rapporten «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen», utarbeida av Bergensalliansen, til orientering.
2. Fusa kommune ønskjer å delta i Bergensalliansen si vidare utgreiing om samarbeid mellom brann- og redningstenestene, i tråd med tilrådingane i rapporten.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-036/15 VEDTAK:

1. Fusa kommune tar rapporten «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen», utarbeida av Bergensalliansen, til orientering.
2. Fusa kommune ønskjer å delta i Bergensalliansen si vidare utgreiing om samarbeid mellom brann- og redningstenestene, i tråd med tilrådingane i rapporten.

.....

037/15: Vertskommunesamarbeid om barnevernsvakt

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Bergen kommune om akuttberedskap

i barnevernet frå 01.01.2016 i samsvar med utkast til samarbeidsavtale

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-037/15 VEDTAK:

Fusa kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Bergen kommune om akuttberedskap i barnevernet frå 01.01.2016 i samsvar med utkast til samarbeidsavtale.

.....

038/15: KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2015 - 27 - EIGENGODKJENNING

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek arealplanen 2015 - 27, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer datert 16.09.2015. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 11- 15.

Fusa kommune vidarefører akvakultur uendra frå KPA 2006 - 16. Akvakultur som tema skal rullerast som eigen delplan eller i interkommunalt samarbeid, med oppstart våren 2016.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Habilitet:

Spørsmål om inhabilitet i deler av saka vart handsama først i møtet.

1.

Steinar Skår, H, stilte spørsmål om inhabilitet på Baldersheim då han som grunneigar av gnr./bnr. 107/1, har fleire innspel til kommuneplanen sin arealdel. Han gjekk frå. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant. Steinar Skår vart samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Baldersheim. I resten av saka vart han kjend habil. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd.

2.

Øyvind Nordbø, Sp, ba om at habiliteten hans vart vurdert. Det er kome ei uttale ang. Revnestølsvegen på Baldersheim og han er styremedlem for denne veggen. Han gjekk frå. For han møtte Herborg Nordtveit, Sp, som vararepresentant. Øyvind Nordbø vart samrøystes kjend habil til å handsama og votera over forslag på Baldersheim. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd.

3.

Aud- May Boge, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til næringsinnspel BN2 der ho har eigarinteresser knytt til deler av arealet.

Aud- May Boge, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til, hytteinnspel BF 2, på grunn av uttale frå bygdautvalet, underskrive av dotter hennar. Aud-May Boge gjekk frå. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Steinar Berland, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til næringsinnspel BN2 der nær familie har eigarinteresser knytt til deler av arealet. Steinar Berland, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til, hytteinnspel BF 2, på grunn av uttale frå bygdautvalet, underskrive av sambuaren hans. Han gjekk frå. For han møtte Lars Erik Dalland, H, som vararepresentant.

Birgitte H.O. Skibenes, SV, stilte spørsmål om ho var ugild i deler av sak nr 22/15. Grunnen til dette er at ho og mannen hennar er grunneigar til deler av området som ligg i LSB Kalven der det kan byggjast ut 3 bustader i planperioden. Ho gjekk frå. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som vararepresentant.

Etter forslag frå ordførar Asbjørn Heidal vart Aud- May Boge samrøystes kjend habil til å handsama og votera over forslag hytteinnspel BF 2 på Boga.

Etter forslag frå ordførar Asbjørn Heidal vart Steinar Berland samrøystes kjend habil til å handsama og votera over forslag hytteinnspel BF 2 på Boga.

Deira tilknytning eller interesse av utfallet i saka er ikkje av ein slik karakter at det er eit særeige tilhøve som vert omfatta at regelverket i forvaltningslova § 6 2.ledd.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Aud- May Boge samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag elles på Boga og Holmefjord.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart May Boge samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag elles på Boga og Holmefjord.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Birgitte H O. Skibenes samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag vedk. Holmefjord og Boga.

I resten av saka vart dei kjend habile. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd.

Aud- May Boge tok plass igjen i møtet. Steinar Berland tok plass igjen i møtet. Birgitte H. O. Skibenes tok plass igjen i møtet.

3.

Haldor Tuft, Sp, stilte spørsmål om han var inhabil i saker som gjeld Strandvik og deler av Vinnes. (Steinbruddet).Grunn: Grunneigar med innspel i Strandvik, og innspel som gjeld

Reidun Vindenes (Nils Petter Vindenes) på Vinnes. Nils Petter Vindenes er sambuar med dotter hans. Haldor Tuft gjekk frå. For han møtte Herborg Nordtveit, Sp, som vararepresentant.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Haldor Tuft samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Strandvik og det konkrete forslaget på Vinnes vedk. steinbruddet

I resten av saka vart han kjend habil. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd. Haldor Tuft tok plass igjen i møtet.

4.

Gustav Folkestad, V, stilte spørsmål om han er inhabil når det gjeld område for akvakultur i planen då han er dagleg leiar i Sævareid Fiskeanlegg som har kome med forslag. Firmaet har forretningsmessige interesser/ samarbeid med andre fiskeoppdrettsfirma som også har relativt store eigarinteresser i Sævareid fiskeanlegg m.m. Han gjekk frå.

For han møtte Arild Hegglund, V, som vararepresentant. Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes, Sp, vart Gustav Folkestad vart samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera område for akvakultur. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd

I resten av saka vart han kjend habil. Gustav Folkestad tok plass igjen i møtet.

Det vart votert særskilt over områda der representantar vart kjend inhabile.

1.

I starten av møtet vart det votert over arealplanframlegget – område for akvakultur. Gustav Folkestad, V, gjekk frå. For han møtte Arild Hegglund, V, som vararepresentant.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Gustav Folkestad tok plass igjen i møtet.

2

Arealplanframlegget for Baldersheim:

Steinar Skår, H, gjekk frå. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Steinar Skår tok plass i møtet igjen.

3.

Arealplanframlegget for Holmefjord og Boga

Aud- May Boge, H, gjekk frå. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.
Steinar Berland, H, gjekk frå. For han møtte Lars Erik Dalland, H, som vararepresentant.
Birgitte H.O. Skibenes, SV, gjekk frå. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som
vararepresentant

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Aud May Boge tok plass igjen i møtet. Steinar Berland tok plass igjen i møtet. Birgitte H. O.
Skibenes tok plass igjen i møtet.

4.

Haldor Tuft, Sp, gjekk frå. For han møtte Herborg Nordtveit Sp, som vararepresentant.

Arealplanframlegget for Strandvik

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Arealplanframlegget for Vinnes, steinbruddet

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Haldor Tuft tok plass igjen i møtet.

Følgjande framlegg fremja av Roger Hoel, Frp, vart samrøystes vedteke:

Kommuneplanens arealdel skal rullerest på nytt og skal tas med i planstrategien for neste
kommunestyreperiode (2015 – 2019).

Endringar som framgår av voteringa ovafor vert innarbeidd i arealdelen.

Kommunestyret vedtok deretter samrøystes resten av tilrådinga frå utval for plan og miljø og
har etter dette gjort følgjande vedtak:

Fusa kommune vedtek arealplanen 2015 - 27, med plankart, planomtale, føresegner og
retningslinjer datert 16.09.2015. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 11- 15.

Fusa kommune vidarefører akvakultur uendra frå KPA 2006 - 16. Akvakultur som tema skal
rullerast som eigen delplan eller i interkommunalt samarbeid, med oppstart våren 2016

Kommuneplanens arealdel skal rullerest på nytt og skal tas med i planstrategien for neste kommunestyreperiode (2015 – 2019).

KOM-038/15 VEDTAK:

Fusa kommune vedtek arealplanen 2015 - 27, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer datert 16.09.2015. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 11- 15.

Fusa kommune vidarefører akvakultur uendra frå KPA 2006 - 16. Akvakultur som tema skal rullerast som eigen delplan eller i interkommunalt samarbeid, med oppstart våren 2016.

Kommuneplanens arealdel skal rullerest på nytt og skal tas med i planstrategien for neste kommunestyreperiode (2015 – 2019).

.....

039/15: VEDTAK I MILJØVERNDEPT FOR REGULERINGSENDRING - STRANDVIK INDUSTRIOMRÅDE - NAUSTOMRÅDE

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner reguleringsendringa med dei endringar Det Kongelege Miljøverndepartement, krev i brev av 21.desember 2012.

Vedtaket er gjort i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-13.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM-039/15 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner reguleringsendringa med dei endringar Det Kongelege Miljøverndepartement, krev i brev av 21.desember 2012.

Vedtaket er gjort i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12--13.

.....

040/15: KOMMUNEROS FUSA 2015 - TILTAKSPLAN

Framlegg til vedtak:

Fusa kommunestyre vedtek tiltaksplan for KommuneROS Fusa 2015 slik den ligg føre i vedlegg datert 15.09.2015.

Dei endelege økonomiske prioriteringane vert gjort i samband med den årlege handsaminga av neste års budsjett og økonomiplan for komande fireårsperiode.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-040/15 VEDTAK:

Fusa kommunestyre vedtek tiltaksplan for KommuneROS Fusa 2015 slik den ligg føre i vedlegg datert 15.09.2015.

Dei endelege økonomiske prioriteringane vert gjort i samband med den årlege handsaminga av neste års budsjett og økonomiplan for komande fireårsperiode.

.....

041/15: Utgjeving av ordbok etter Lars Holdhus

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune ønskjer å bidra til at samlinga med ord og uttrykk frå Fusa etter Lars Holdhus (1917-2000) kan gjevast ut i bokform i løpet av 2016. I første om gang vert det løyvd inntil kr 60.000,- frå bygdesogefondet til språkkonsulentarbeid. Løyvinga går frå kt 1734.3853.0300 (bokutgjevingar) og vert dekkja inn frå fondskt 21 020 207 (bygdesogefond)

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-041/15 VEDTAK:

Fusa kommune ønskjer å bidra til at samlinga med ord og uttrykk frå Fusa etter Lars Holdhus (1917-2000) kan gjevast ut i bokform i løpet av 2016. I første om gang vert det løyvd inntil kr 60.000,- frå bygdesogefondet til språkkonsulentarbeid. Løyvinga går frå kt 1734.3853.0300 (bokutgjevingar) og vert dekkja inn frå fondskt 21 020 207 (bygdesogefond)

.....

042/15: SAMHANDLINGSREFORMA - TENESTEAVTALE 8 for Samhandling innan svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner Tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps-,fødsels- og barselomsorga, slik den ligg føre i vedlegg.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KOM-042/15 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner Tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps-,fødsels- og barselomsorga, slik den ligg føre i vedlegg.

.....

043/15: Skodd for framtida - Godt samspel.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner handlingsreglane for godt samspel for politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-043/15 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner handlingsreglane for godt samspel for politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

.....

044/15: INTERKOMMUNAL PLAN FOR NÆRINGSAREAL I FUSA, OS OG SAMNANGER ETTER PBL §9-1

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner Interkommunal plan for næringsareal i Fusa, Os og Samnanger

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-044/15 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner Interkommunal plan for næringsareal i Fusa, Os og Samnanger.

.....

045/15: POLITISK ORGANISERING 2015 - 2019

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune vidarefører hovudtrekka i noverande organisering, saksfordeling, utval og medlemer slik det går fram av saksutgreiinga. Politisk organisasjonskart vert ikkje endra; sjå vedlagde kart. Innspela frå råd og utval vert teke omsyn til i oppnemning av representantar til kontrollutval, ungdomsråd og råd for seniorar- og menneske med nedsett funksjonsevne, jf. punkt 1 i oppsummeringa.

Premissar og innspel til vidareutvikling av politisk organisering i 2015 – 2019 går fram av punkt 2 i oppsummeringa.

15.10.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget frå arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

KOM-045/15 VEDTAK:

Fusa kommune vidarefører hovudtrekka i noverande organisering, saksfordeling, utval og medlemer slik det går fram av saksutgreiinga. Politisk organisasjonskart vert ikkje endra; sjå vedlagde kart. Innspela frå råd og utval vert teke omsyn til i oppnemning av representantar til kontrollutval, ungdomsråd og råd for seniorar- og menneske med nedsett funksjonsevne, jf. punkt 1 i oppsummeringa.

Premissar og innspel til vidareutvikling av politisk organisering i 2015 – 2019 går fram av punkt 2 i oppsummering.

.....

